



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5132 - 14/18589

Saksbehandlar:
Hogne Haugsdal
Hogne.Haugsdal@lindas.kommune.no

Dato:
19.08.2014

Dokumentasjon vedr tilsyn folkehelse Lindås kommune

Viser til dykkar brev av 24.06.14 vedrørende tilsyn med Lindås kommune 1. – 2. oktober 2014, om kommunens løpande oversikt over helsetilstand og faktorar som påverkar folkehelsa. I brevet blir det bedt om å få tilsendt ein del dokumentasjon i forkant av tilsyn. I kommunikasjon på e-post har vi avklart at denne dokumentasjonen skal sendast inn innan 19. august 2014. Vedlagt finn de kommentarar og dokumentasjon til dei punkta de har bede om:

Fylkesmannen ber om følgjande:	Kommentar	Dokumenter vedlagt
Organisasjonskart Lindås kommune	Lindås kommune er i gang med ei større omorganisering, kor ein går frå ein to-nivåmodell til ein modell med kommunalsjefar med overordna ansvar. Omorganiseringa skal gjennomførast i løpet av hausten 2014 og våren 2015. Kommunen tilsette ny rådmann frå 01.06.14	Vedlegg1: Organisasjonskart per 01.08.14
Opplysningar om korleis kommunen har organisert arbeidet med å ha oversikt over folkehelsa, fordeling av oppgåver og evt. kven som koordinerer arbeidet.	<ul style="list-style-type: none">- Kommuneoverlege har det overordna medisinsk-faglege ansvaret, som til dømes inneber å halde oversikt over helsetilstanden i befolkninga.- Kommunen har ikkje ein overordna folkehelseplan, prioritering av oppgåver og relevante tiltak skjer i hovudsak innanfor kvart tenesteområde/eining/avdeling, eller i samarbeid mellom dei.- Til dømes er det tett førebyggjande arbeid mellom helsestasjon og skule, som til dømes har prosjekt og satsingar knytt til	



	<p>kosthald, overvekt og fråfall i skulen.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kommunen bruker aktivt folkehelseprofilen frå Folkehelseinstituttet og UngData frå Bergensklinikkane til å halde oversikt over folkehelsa. - Miljøretta helsevern gjer eit viktig systematisk arbeid for å kartlegge og undersøke folkehelsa i kommunen. - Folkehelse er også tema ved utarbeiding av planar (Folkehelse i plan) Vi har til dømes ein eigen startpakke for reguleringsplanar kor folkehelse blir drøfta på fleire områder. - Kommunen har ikkje ein eigen ressurs direkte knytt til folkehelse, til dømes ein folkehelsekoordinator. 	
<p>Namn på tilsette som deltek i arbeidet med å halde løpande oversikt.</p>	<p>Kommuneoverlege Marit Voltersvik Einingsleiar for helseeining, Reidun Sæbdal Leiar for miljøretta helsevern – Grethe Elin Mjelde. Fagsjef skule, Anne Wergeland Kommunalsjef oppvekst, Kristin Moe Rådgjevar barnehage, Astrid Namtvedt Sylta Einingsleiar barnehage, Mona Hagewick Einingsleiar teknisk drift, Arne Eikefet Einingsleiar kultur, Eileen Feste Legevaktsjef (Interkommunalt), Grethe Fosse NAV Lindås, May Hundvin Plan og utviklingssjef, Arnold Matre</p>	
<p>Leiaravtalar/stillingsomtalar til kommunalsjef, kommuneoverlege og planansvarleg</p>	<p>Lindås kommune har ikkje leiaravtalar for nemnte stillingar. Vedlagt finn de stillingsomtalar.</p>	<p>Vedlegg 2: Kommunalsjef helse Vedlegg 3: Kommuneoverlege Vedlegg 4: Plan- og utviklingssjef</p>
<p>Eventuelle dokument som omtaler mål og strategiar for folkehelsearbeidet.</p>	<p>Sentrale dokument:</p> <ul style="list-style-type: none"> - I kommuneplanen sin samfunnsdel (2011 – 2023) står det om mål og strategiar for folkehelsearbeidet (side 20 og 21). Dette dokumentet har de allereie. - I planprogrammet for helse- og 	<p>Vedlegg 5: Planprogram kommunedelplan for helse og omsorg (2013 – 2020) Vedlegg 6:</p>

	<p>omsorgsplan er folkehelse eit særskilt tema som skal omtalast i planen (Kapittel 5)</p> <ul style="list-style-type: none"> - Rapport knytt til vurdering av interkommunalt samarbeid om folkehelsearbeid i Nordhordland. - Kommunedelplan for idrett, friluft og nærmiljø 2013 – 2023. Dette er ein viktig plan for å skape aktive nærmiljø. - Kommunedelplan for trafikksikring 2010 - 2022 	<p>Rapport vurdering av interkommunalt samarbeid.</p> <p>Vedlegg 7: Kommunedelplan for idrett, friluft og nærmiljø</p> <p>Vedlegg 8: Kommunedelplan for trafikksikring</p>
<p>Eventuelle dokument/rutinar for innhenting av opplysningar, vurdering og analyse av informasjon.</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Kommuneoverlege mottar smittevernmeldingar og meldingar om dødsfall. Desse meldingane blir registrert og systematisert. - Det er tett dialog mellom kommuneoverlege og helsestasjon for å overvåke særskilte sjukdommar (Døme: tuberkolose) - Miljøretta helsevern gjennomfører tilsyn og undersøkingar som omfattar dei faktorar i miljøet som til ein kvar tid direkte eller indirekte kan ha innverknad på helsa. Disse omfattar blant anna biologiske, kjemiske, fysiske og sosiale miljøfaktorar. - Kommunen nyttar folkehelseprofilen frå Folkehelseinstituttet og Ungdata frå Bergensklinikkane som grunnlag for vurdering og analyse. - Det er ikkje etablert eit overordna system for å systematisk hente ut, vurdere og analysere informasjon. 	<p>Vedlegg 9: Oversikt oppgaver knytt til miljøretta helsevern</p> <p>Vedlegg 10: Miljøretta helsevern i skule og barnehagar.</p> <p>Vedlegg 11: Folkehelseprofil Lindås 2014</p>
<p>Eventuelle dokument/rutinar for å dokumentere og nytte vurderingane som grunnlag for tiltak</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Kommunen har ikkje eit overordna system som blir brukt som eit grunnlag for tiltak. Men dei ulike tenestoområda har etablert tiltak basert på folkehelseprofilen og UngData. Til dømes er det etablert eit fråversprosjekt mellom kommuneoverlege og skuleeininga. - Miljøretta helsevern sitt arbeid er særskilt viktig for å setje i verk tiltak. 	

<p>Eventuelle planar og styrande dokument som kommunen meiner er relevant for tilsynet.</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1) Kommunedelplan skule 2010 – 2020 2) Overordna ROS-analyse 2011 3) Ruspolitisk plan 4) Startpakke for reguleringsplanar 	<p>Vedlegg 12: Kommunedelplan skule</p> <p>Vedlegg 13: ROS-analyse</p> <p>Vedlegg 14: Ruspolitisk plan</p> <p>Vedlegg 15: Startpakke for reguleringsplanar</p>
--	--	--

Ved spørsmål, ta kontakt med underteikna på telefon 99574946/e-post:
hogne.haugsdal@lindas.kommune.no

Med helsing

Hogne Haugsdal
 ass. rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen